



Njål Holsvik var den heldige vinnaren av eit festivalpass på årets Festidalen, her saman med Una Kolle.

**Festidalen med sitt sterke varemerke var med på KOM HEIM arrangementet i Bergen i dag. Una Kolle var ei av dei som representerte Festidalen med stand og ved utdeling av festivalpass. Tore Mathisen frå Kverner Stord profilerte verksemda med ei rekkje rekruteringstiltak.**

Av andre verksemdar som var med i Bergen på KOM HEIM, nemner vi Palfinger, Hydro Husnes og Kvinnherad kommune. Både ordførar og rådmann brukte tid på den viktige oppgåve med å profilera kommunen som ein god plass å koma til og busetja seg i.

Signe Schniller hadde innleiing. Ho presenterte seg sjølv, kva ho driv med og kva som må til for å flytta frå ein storby til ein kommune på Vestlandet. Ho fortalde om føresetnader for å lukkast med eit nytt konsept i eit lokalsamfunn. Foredraget hennar var ein sentral del av KOM HEIM i det nye Media City senteret i Bergen.

Målgruppa for KOM HEIM er studentar, men også dei som har arbeid i Bergen og som vurderer å flytta til Kvinnherad.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Tore Mathisen